

Informasjon til foreldre/føresette til born på 5.-10. trinn i Bømloskulen

## Gradvis gjenopning av skulane

*Me er veldig glade for at me no etter kvart kan ta i mot alle elevar på skulen att. Mange lengtar etter det sosiale, fysiske fellesskapet på skulen. På Bømlo blir det ein gradvis gjenopning. Skulane er svært forskjellige og derfor blir det lokale tilpassingar innanfor rammene av eit forsvarleg smittevern.*

### Ulike tilbod mellom skulane

Det er mange faktorar som påverkar kor raskt og i kva grad opninga kan skje: storleik på skulen og romma, tal rom, smittevernomsyn med avgrensingar på tal elevar og vaksne som kan vere i lag, skuleskyss, tilgjengelege vaksne, reinhald, osb..

Desse tilhøva varierer mykje frå skule til skule og derfor vil også tal skuledagar fysisk på skulen variere mellom skulane. Nokre skular vil kunne gje eit tilbod kvar dag, andre ein dag i veka.

Me skal uansett sørge for at alle elevar kjem minimum ein dag i veka på skulen. Når elevane ikkje er på skulen vil me halde fram med heimeundervisninga som me no har fått etablert gode rutinar for.

Bømlo kommune legg også vekt på regjeringa si tilråding om at ei normalisering skal skje *saman, kontrollert og over tid*. Me vil følgje den vidare utviklinga nøye og legg opp til å gjere dette gradvis – heller enn å sleppe opp for mykje og evt. måtte gjeninnføre strengare restriksjonar.

Det betyr også at dei som er sjuke framleis skal halde seg heime, me skal ha god hoste- og handhygiene og me skal halde god avstand til kvarandre!

### Prioriteringar

Når skuleåret no nærmar seg slutten betyr det også at fleire står framfor ein overgang til eit nytt trinn eller til ein ny skule. Me kjem til å prioritere å sikre så gode overgangar som mogleg, både for dei som skal starte på skulen for første gong, dei som skal skifte hovudtrinn og dei som skal starte på ny skule. I tillegg vil me ha eit ekstra fokus på elevar med særskilde behov. For dei som no går i 10. klasse er avslutninga av grunnskulen ein avgjerande fase. 10. trinn vil derfor bli prioritert med fysiske skuledagar på ungdomstrinnet. Dei yngste elevane på 1.-4. trinn skal framleis gå kvar dag på skulen.

### Skuleskyss

Skuleskyssen vil gå slik han gjorde før 13. mars, men på grunn av smittevernkrav om avstand og ei generell tilråding om å unngå bruk av kollektiv transport, oppmodar me alle som kan om å gå eller sykle til skulen. Det kan bli mindre endringar ved einskilde skular – dette vil rektor informere om.

### Hald barnet heime ved teikn til sjukdom

Dette er det viktigaste smitteverntiltaket for å unngå smitte på skulen! Sjølv ved milde luftvegssymptom og sjukdomskjensle skal elevar og tilsette halde seg heime frå skulen. Symptom på luftvegsinfeksjon kan vere nyoppstått feber, hoste, tungpust, hovudverk, slappheit og

nysing/neserenning. Koronavirus gjev sjukdomen covid-19, og symptoma på denne sjukdomen kan vere milde og vanskelege å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar hos barn. I starten av sjukdommen er dei vanlegaste symptoma på covid-19 halsvondt, forkjøling og lett hoste, i tillegg til sjukdomskjensle, hovudverk og muskelsmerter. Magesmerter kan også førekome.

Du finn meir detaljerte reglar i smittevernrettleiaren her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

Andre viktige reglar knytt til sjukdom:

- Viss tilsette vurderer at eleven viser teikn til sjukdom, må føresette hente eleven så raskt det let seg gjere.
- Viss ein annan i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, kan barnet møte på skulen som normalt. Føresette som sjølv har symptom på luftvegsinfeksjon, skal ikkje møte på skulen saman med eleven.
- Viss ein i husstanden har fått påvist covid-19, skal alle nærkontaktar haldast i karantene. Ingen personar som sjølv er i karantene, kan møte på skulen – dette gjeld også for elevar.
- Elevar og tilsette med typiske symptom på pollenallergi kan møte på skulen. Også friske barn som til vanleg kan ha rennande nase utan andre symptom på luftvegsinfeksjon, kan møte på skulen.

### **Førebu barnet ditt på hygienetiltaka på skulen**

Dagane på skulen blir annleis både for elevane og dei vaksne som jobbar der, og den normale timeplanen vil ikkje gjelde. Personalet på skulen skal framleis ivareta eleven sitt behov for kontakt og omsorg, samstundes som naudsynte smitteverntiltak blir gjennomført.

Du kan hjelpe barnet ditt ved å førebu det på dei nye rutinane:

- Det er naudsynt med mykje handvask i tida framover! Foreldre må sørge for at barnet vaskar henda når de drar heimanfrå og med ein gong de kjem heim frå skulen. På skulen blir det handvask når eleven kjem til skulen, etter hosting, etter neseputing, etter toalettbesøk, før og etter måltid, etter at barnet kjem inn frå uteaktivitet/friminutt og dersom henda er skitne.
- Koronaviruset smittar hovudsakleg via dråpe- og kontaktsmitte. Prøv å lære barnet ditt god hoste- og nysehygiene. Det viktigaste er at barnet lærar seg at det ikkje bør hosta eller nysa mot andre. Dei eldste borna kan også oppfordrast til å bruke albogekroken når de hostar eller nys og dei kan lære at dei bør unngå å ta seg til ansiktet.
- Fleire aktivitetar vil føregå ute, og barnet vil tilhøyra ei gruppe barn («kohort») som skal vere saman ute og inne. Gruppa blir følgt opp av faste tilsette. Ved å avgrense tal nærkontaktar, kan elevar og tilsette omgåst normalt. Det er ein fordel at barna ikkje omgåst mange andre born på fritida og at leiken føregår ute.
- For å redusere smittefaren kan det bli naudsynt at skulane gjer avtalar med dykk slik at ikkje alle kjem til skulen samstundes og på same plass. Nærmare informasjon får de frå rektor.

### **Forsterka reinhald på skulen**

Skulane har ekstra reinhald på område som mange tek på eller brukar i løpet av ein dag. Dette gjeld mellom anna toalett, vaskar, dørhandtak, trappegelendre, stolar, bordflater, leiker, sportsutstyr og datautstyr.

### **Tett oppfølging av eventuell smittespreiing**

Dersom skular får utfordringar med smittespreiing, vil dei få råd om vidare oppfølging av skulehelsetenesta/smittevernoverlegen i Bømlo kommune. Smittevernlegen vil vurdere stenging av heile eller delar av skulen dersom det oppstår smitte.

### **Særskilte reglar for risikogrubbene**

Dei aller fleste born med kroniske sjukdomar bør gå på skulen. Det kan gjerast individuelle vurderingar for born som er organtransplanterte, beinmargstransplanterte, kreftsjuke i behandling og born som har alvorleg hjarte- eller lungesjukdom, medfødt sjukdom i immunforsvaret og kronisk sjuke barn på immundempande medisin.

Dersom føresette sjølv er i risikogruppe kan lege kontaktast for å vurdere om det er behov for tilrettelagt tilbod for barnet for å redusere smitterisikoen i heimen. I dialog med dykk i heimen kan det då vere aktuelt å avtale eit delt tilbod mellom oppmøte på skulen og fjernundervisning, eller berre fjernundervisning. Barnet sitt beste skal tilleggast vekt ved slike vurderingar.

Venleg helsing

Bjørn Håvard Bjørklund  
Kommunalsjef

## **Meir informasjon**

Oppdatert informasjon finn du på kommunen si nettside. Rektor vil sende ut meir detaljert informasjon via *Mobilskule*.

Har du spørsmål om smitteverntiltak eller andre praktiske ting vedrørende oppstart på skulen, ta kontakt med rektor.

Har du spørsmål om eiga helse, kontakt fastlegen din.

Du finn også meir informasjon om koronavirus på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no), [www.udir.no](http://www.udir.no) og [www.fhi.no](http://www.fhi.no).